

RAPPORT

Forfatter(e): Jonny Asperheim / Kåre Forslund

Dato: 2006-12-08

Side 1 av 6

Verifisert av:

Verifisert av:

Godkjent av:

Steinskred frå Finnsåsen mot lagerplass, Geisdalen (nedre Geisdøla)

Sammendrag:

06.12.2006 ca kl 23.00 gjekk det eit steinskred frå Finnsåsen ned mot lagerplassen i Geisdalen. Innkøyrsla til rasområdet vart straks sperra av.

Aktivitetar innanfor området vart vurdert av Hydro sine representantar og det som ikkje var strengt naudsynt, vart avslutta straks. Mogeleg fare med å opphalde seg på Gjestehuset vart vurdert, og med bakgrunn i tidligare geologisk rapport frå fylkesgeologen om området, konkluderte ein mellombels med, til geolog hadde vore på staden, at gjestehuset kunne nyttast.

14.12.2006 var fylkesgeolog Russenes på synfaring. Han var einig i den konklusjonen som vart gjort. I tillegg vart det føreslege enkelte tiltak som Hydro må vurdere.



Biletet syner staden der raset starta.

1 Hending

Steinskred gjekk 06.12.2006 frå Finnsåsen ca kl 23.00. Naudsynte instansar vart varsla og vegen inn til området vart avsperra.

2 Konsekvens


Stein av ulik storleik var spreidd utover eit stort område, frå ytterst på gamle tippen til der gamle knuseverket stod. Storleik på stein og spredning går fram av bileter



Bilete teke frå toppen på rasvollen og retning sør-vest (ut fjorden)



Steinar ved innkøyringsport og luttankar.



Ein flygestein med storleik ca 1 dm³ stoppa fyrst inne på plenen framfor snuplassen til Gjestehuset. Steinen kom inn der dei to personane står.



Steinar på baksida av den nye rasvollen



Flygestein på toppen av vrakkol-lageret

3 Strakstiltak etter hendinga

3.1 Avstenging

Vegen inn til rasområdet vart stengt og merka umiddelbart.

3.2 Lagertelt

Det vart avtala med Miljøprosjektet at lagertelt kan betjenast kun i dagslys og at det skal vera vakt utanfor teltet når det er folk inne. Ein må og syta for at køyreporten til området står open når det er folk inne i området slik at dei har rømningsveg.

3.3 Øvrig aktivitet på lagerområdet

All aktivitet vest for brua opphøyrer straks og inntil vidare

3.4 Omlasting av avfallsstøv

Arbeide med omlasting av avfallsstøv samt lasting av bilar for dette opphører straks. Sunde Gjenvinning etablerer ein annan løysning.

4 Kommentarer frå geolog-synfaring

Besøk av fylkesgeolog Bjørn F. Russenes og representantar frå Årdal Kommune, 14. desember 2006. Det vart her tatt utgangspunkt i tidlegare rapport frå Russenes frå 18.03.1992. Det som no var hendt var omtala som ei mogeleg hending i rapporten. Det vart ikkje lagt nye band på bruk av området.

Hydro bør vurderer fang-nett /rasvoll framfor luttankar, pumpestasjon og innkøyringsport. Vidare bør Hydro vurdere fangnett på deler av muren framfor gjestehuset.

Hydro bør vurderer om kollageret skal flyttast for å få betre effekt av muren som rassikring.

Øvre Årdal 21. desember 2006

Jonny Asperheim

Kåre Forslund

Vedlegg: Kart over rasområdet

Raude sirklar indikerer større steinar
Raude kryss indikerer flygesteinar

